

Valdres historielag



Laget ble stiftet i 1915

Vedtekter i dag:

§ 1. Formål

Valdres historielag (VH) skal ha til oppgåve å spreie kunnskap om lokalhistoria og folket i Valdres; å verne om fortidsminne og å støtte opp om gransking av folkeliv og kultur i gamle dagar. VH skal også vera eit samarbeidsråd for dei frittstående lokale historielaga i Valdres.

§ 2. Lagsversemd

VH gjev ut årbok for Valdres Historielag, og skal støtte aktivt opp om bygdebokarbeidet. VH skal legge tilhøva til rette for lokallaga ved spreining av informasjon og impulsar, mellom anna ved å skaffe foredragshaldarar og ved tilskiping av kurs/seminar. VH skal også ta initiativ overfor lokallaga i aktuelle saker.

VH er, for historielagsrørsla i Valdres, bindeleddet til Landslaget for Lokalhistorie og andre kulturvernorganisasjonar.

Ein gong i året skal styret kalle inn til samrådsmøte for historielaga i dalen, der også bygdeboknemnda, skriftstyret og beslektede organisasjonar er innbedne.

Hva gjør laget i dag?

- Årboka for Valdres
- Salg av årbøker
- Kirkevoll legatet

Underkomiter:

- Skriftsyret
- Valdres Bygdeboknemnd

Love for Valdres Historielag

Stifta 24. mai 1915

§ 1 Formål

- Valdres Historielag er eit regionlag/samarbeidsråd for dei frittstående lokale historielaga i Valdres.
- Valdres Historielag (VH) har til oppgåve å spreie kunnskap om lokalhistoria i Valdres.
- VH skal verne om fortidsminne og støtte opp om gransking av folkeliv og kultur i eldre tider.

§ 2 Lagsverksemd

- VH gjev ut Årbok for Valdres Historielag, og skal støtte aktivt opp om publisering av anna lokalhistoriske bøker/skrifter.
- VH skal legge tilhøva til rette for lokallaga ved spreining av informasjon og impulsar mellom anna ved å skaffe foredragshaldarar og ved tilskiping av kurs/seminar.

§ 3 Medlemskap

- Alle lokale historielag i Valdres og Valdresmusea kan bli medlemmer. Medlemmene i lokallaga er dermed automatisk medlem i VH.
- Personar som ikkje er tilknytt eit lokalt historielag kan vera direkte medlem.
- VH skal vera medlem av Landslaget for Lokalhistorie, og skal søke impulsar frå andre kulturvernorganisasjonar.

§ 4 Styret

- Styret består av ein representant frå kvart lokallag og ein frå Valdresmusea. Der det er fleire lokallag i ein kommune, må laga bli einige om representanten. Leiaren er på val kvart år, og representerer laget han er frå. Dei andre styremedlemmene, blir valde for to år, men slik at berre om lag halvparten er på val kvart år. Kvart styremedlem skal ha sin personlege varamedlem. Det er opp til lokallaga å velje sin styrerepresentant/vararepresentant. Leiar blir valt av årsmøtet. Elles konstituerer styret seg sjølv.
- Styret skal leie laget slik årsmøtet har bestemt.
- Styret skal avgjere saker fortløpande gjennom året, og forvalte verdiane i laget.
- Styret forvaltar eventuelle fond/legat og verdier, og gjer vedtak i søknader til desse.
- Styret vel representantar der laget skal vera representert.
- Styret oppnemner/engasjerer redaktør for arbeid med årbok/andre publikasjonar. Redaktøren har møte- og talerett i styret.
- Styret kan oppnemne ein materialforvaltar som har ansvaret for lageret av årbøker og andre publikasjonar som VH har på Valdres folkemuseum.

§ 5 Årsmøtet

- Årsmøtet skal heldast kvart år innan utgangen av mars. Kunngjering skal skje med tre vekers varsel. Den som ynskjer å ta opp saker utanom vanlege årsmøtesaker, må sende framlegg innan to veker før møtet.
- Alle medlemmer har møte- og talerett på årsmøtet. To utsendingar frå kvart lokallag har røysterett.

Årsmøtet skal:

- Godkjenne dei frammøtte representantane og deira stemmerett
- Godkjenne innkallinga og saksliste.
- Velje ordstyrar og skrivar for årsmøtet, samt to til å underskrive protokollen.
- Behandle årsberetninga.
- Behandle revidert rekneskap. Rekneskapsåret skal følge kalenderåret.
- Vedta arbeidsplan for komande år.
- Fastsette kontingent og vedta budsjett.
- Behandle andre saker som blir fremma av styret, og saker innkome innan fristen.
- Velja styreleiar
- Velje styre og revisor

- Dersom det ikkje blir halde årsmøte to år etter kvarandre, kan ei gruppe interesserte – etter vanleg kunngjering – halde møte og velja nytt styre. Det nye styret overtek rettar og plikter etter det gamle.
- Nedlegging av laget krev 2/3 fleirtal på årsmøtet. Skulle VH bli lagt ned, går verdiane og ansvara til laget og boklageret over til Valdres folkemuseum

§ 6 Lovendringar

- Lovendringar må ha 2/3 fleirtal. Endringsframlegg må vera levert innan to veker før årsmøtet.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte.

- Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom minst tre styremedlemmer eller tre av lokallaga krev dette. Reglar for innkalling skal følgje reglane for ordinært årsmøte.